



KOMMUNEDELPLAN FOR BREIBAND 2016 – 2028

Vedteke: 10.03.2016 – KS-sak 022/16
Saks nr: 15/1060
Dato: 21.03.2016



Forord

Breiband er i dag ein føresetnad for vekst og velferd. For innbyggjarar, næringsliv og besøkande i Eid kommune er breiband viktig for å oppnå god kommunikasjon med omverda.

Det meste av breibandutbygginga vert utført av kommersielle aktørar. Utfordringa er difor å sikre utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt interessante å bygge ut.

Kommunedelplanen for breiband vert utarbeidd for å avklare og definere Eid kommune sin innsats på dette området. Formålet er at planen skal bli eit effektivt styringsverktøy for Eid kommune sitt arbeid og avgjersler innan dette området.

Når planen vert utarbeidd som kommunedelplan er allmenta sikra høve til å påverke planinnhaldet ved å gje uttale ved offentleg ettersyn av planforslaget.

Innhold

Forord	1
1 Innleiing	3
1.1 Status i Eid kommune	4
1.2 Formål med breibandutbygging	5
2 Dagens ordning for offentlig støtte til breibandutbygging	6
2.1 Aktørar og roller	6
2.2 Kriterium i nasjonal og regional støtteordning	7
2.2.1 Nasjonal støtteordning	7
2.2.2 Regional støtteordning	8
2.3 Prosessen knytt til breibandutbygging	8
3 Mål for breibandutbygging i Eid kommune	10
3.1 Eid kommune skal bidra til gjennomføring av utbyggingsprosjekt	10
3.2 Eid kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging	10
4 Handlingsdel	11

1 Innleiing

Internett er eit nettverk for digital kommunikasjon. Menneske, datamaskiner og ting vi omgir oss med i kvardagen kommuniserer med kvarandre gjennom internett. Breiband er infrastrukturen som må vere på plass for å kunne nytte denne digitale kommunikasjonen.

I St.meld. nr. 49 (2002-2003), *Breiband for kunnskap og vekst*, er breiband definert som eit tovegs kommunikasjonsnett som kan overføre ulike former for data som tekst, lyd og levande bilete og som må kunne bere nye tenester og tillate at mange brukar nettet samtidig.

Når internett vart tatt i bruk av vanlege folk var det stort sett nytta til å hente informasjon eller kommunisere med andre via datamaskin. Vi står midt i ei utvikling der internett vert nytta til stadig fleire ting. Vår fysiske verd er koplå til den digitale verda. Stadig fleire av gjenstandane som vi nyttar dagleg har i dag fått innebygt elektronikk og programvare som gjer dei i stand til å kommunisere med andre gjenstandar.



Kjelde: Illustrasjon av internett sin funksjon henta frå www.forsking.no - Illustrasjon: Microstock.

Breiband er i dag ein føresetnad for at samfunnet skal fungere. Breiband med høg kapasitet er viktig for busetnad, næringsliv, konkurranseevna til næringslivet, offentleg sektor, fornying av helsevesen, eldreomsorg og skule- og utdanningssektoren.

Samfunnsutviklinga går i retning av at stadig meir tenesteyting og kommunikasjon mellom innbyggjarar og det offentlege vert løyst digitalt. Kommunen har behov for å kunne ha ein digital kommunikasjon med innbyggjarane og brukarane av tenestene i kommunen. Døme på dette kan vere å bytte fysiske brev med samhandling gjennom sikker digital postkasse, å bytte fysiske møte med videokonferanse, å nytte eit digitalt læringsrom i skulen og å ha utvida kontakt med brukarar av helse og omsorgstenester gjennom internett. Breiband av grunnleggande god kvalitet er ein føresetnad for at Eid kommune skal kunne delta i pilot- og utviklingsprosjekt knytt til e-læring, e-helse og e-administrasjon.

Daglege gjeremål vert i dag i større grad løyst gjennom internett. Under er ein tabell som syner behovet for breibandkapasitet for å løyse daglege gjeremål.

Tabell 3.1 Høyhastighets bredbånd – bruksområde og innhold

Kapasitet (symmetrisk ¹)	Eksempel på bruksområde og innhold som leveres i sanntid
500 kbit/s – 1 Mbit/s	Bredbåndstelefon E-post Grunnleggende surfing på internett Musikkstrømming Video med lav kvalitet
1 Mbit/s – 5 Mbit/s	E-post med store vedlegg Fjernovervåking IP-tv med middels kvalitet Musikkstrømming med høy kvalitet
5 Mbit/s – 10 Mbit/s	Fjernarbeid IP-tv med middels kvalitet (flere samtidige kanaler) Video med høy kvalitet Nettspill Medisinske applikasjoner – fildeling og fjerndiagnostikk (grunnleggende) Fjernundervisning Smarthusløsninger
10 Mbit/s – 50 Mbit/s	Telemedisin Undervisningstjenester (video med høy kvalitet) IP-tv med høy kvalitet (2-3 samtidige kanaler) Avanserte nettspill Fjernarbeid med video av høy kvalitet Fjernovervåking med høy kvalitet Avanserte smarthusløsninger

¹ Med symmetrisk menes en bredbåndstilgang som har samme hastighet for opplasting som for nedlasting.
Kilde: Commerce Commission New Zealand (2012) – *High Speed Broadband Services Demand Side Study*

Kjelde: Melding til Stortinget (Meld. St.) 23 (2012-2013) Digital agenda for Norge. IKT for vekst og verdiskaping.

Med denne utviklinga, der alt vert kopla saman via internett, vil det i framtida bli behov for større kapasitet.


Breiband er infrastrukturen for digital kommunikasjon. Utbygging av breiband vil gje innbygarar, næringsliv, lag og organisasjonar i Eid kommune mogelegheit til å delta i den digitale utviklinga, både gjennom innovativ verdiskaping og gjennom nye løysingar for dialog mellom brukarane og tenesteleverandørane både i privat og offentleg sektor.

Konsekvensen av å ikkje bygge ut vil vere at ein fell stadig lenger bak og at ein ikkje kan nytte nye løysingar for dialog, då infrastrukturen ikkje har kapasitet til å takle denne form for dialog og samhandling med brukarane.

Vår bruk av internett endrar seg. Behovet for kapasitet vert stadig større. Behovet for kapasitet doblar seg kvar attande månad. Den teknologiske utviklinga innan breiband går raskt. Teknologiane kan i hovudsak delast i to kategoriar – breiband via kabel og trådlaust breiband. Trådlaust breiband krev god kapasitet i stamnettet. I dag går 97,5 % av datatrafikken i fastnettet. Mogelegheitene er mange og bør vurderast i det konkrete prosjektet. Den nasjonale støtteordninga er teknologinøytral. Fiber vert ofte brukt for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i stamnettet og distribusjonsnett. Krava til kapasitet etter ny breibandutbygging vil auke i tråd med samfunnet sine forventingar til breiband.

1.1 Status i Eid kommune

I Eid kommune har dei fleste innbygarane breiband av grunnleggende god kvalitet (nedlastingskapasitet 4-30 Mbit/s). Større område der kapasiteten er låg (under 4 Mbit/s (raud)) eller høg (over 30 Mbit/s (grøn)), er illustrert i kartet under.



Illustrasjon over breibandskapasitet i Eid kommune, basert på dekningskart og lokal kunnskap.

I tillegg er det enkelte husstandar over heile kommunen som har høgare og lågare kapasitet, enn det som kjem fram av kartet.

Eid kommune har i stor grad bygd ut eigne framføringsvegar til sine bygningar og anlegg, t.d. fiber. Dei bygningane og anlegga som ikkje er dekkja av kommunen sitt eige nett har likevel breiband av god kvalitet (nedlastingskapasitet 4-30 Mbit/s). Ved ledig kapasitet i fiberkabelen eller trekkerør skal det vere høve for kommersielle aktørar å leige kapasitet i den kommunale infrastrukturen.

SFE har eit delvis utbygd nett med fiber. Her skal vere tilsvarande moglegheit til å leige infrastruktur.

Breibandsleverandørane sine framføringsvegar er unnateke offentleggjering. I Eid kommune er det Telenor og Eninvest som er aktive utbyggerar. Det er difor ikkje høve til å gje ei detaljert oversikt over framføringsvegar og t.d. etablert fibernett i kommunen.

Private initiativtakarar til mindre utbyggingar av t.d. aksessnett frå hovudnettet til den enkelte bygning, må kontakte netteigar for nærare informasjon om moglegheitene for utbygging.

1.2 Formål med breibandutbygging

Regjeringa meiner at infrastruktur for elektronisk kommunikasjon er ein grunnpilar i eit moderne samfunn og at IKT og breiband er ein nøkkel til velferd og vekst.¹ Dei ynskjer difor å sikre gode tilbod over heile landet ved å fortsette arbeidet for å legge til rette for breiband med tilstrekkeleg kapasitet til å møte framtidige behov innanfor skule, helse, næringsliv og hushald². Eid kommune sluttar seg til desse føresetnadane for breibandutbygginga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samarbeid med IT-forum i Sogn og Fjordane utarbeida ein strategi for breiband i Sogn og Fjordane, der målet er at alle bedrifter og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til andre generasjons breiband innan 2020. Følgjande definisjon av andre generasjons breiband er lagt til grunn: breiband som er teknologinøytralt og definert som minimum 100 Mbit/s begge vegar til næringslivet og offentleg sektor, og minimum 30 Mbit/s nedstrøms og 10

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/id928/>

² Meld.St. 23 (2012-2013) Digital agenda for Norge. IKT for vekst og verdiskaping.

Mbit/s oppstraums til hushald. Det er mogeleg at målsettinga for hushald vert auka i samband med revisjon av breibandstrategien. Eid kommune sluttar seg til desse føresetnadane for breibandutbygginga.

I Eid kommune skal innbyggjarar, næringsdrivande og besøkande oppleve at kommunikasjonen med omverda er god³. Eit godt digitalt nett er ein føresetnad for at dette skal kunne skje. For å ruste samfunnet for framtida er det difor viktig med breibandutbygging i Eid kommune. Breiband i Eid skal sikre gode vilkår for digital kommunikasjon. Område med låg breibandkapasitet (under 4 Mbit/s) vil bli prioritert, jf. nasjonale evalueringskriterium for stønadsordninga, sjå kapittel 2.2.1.

2 Dagens ordning for offentlig støtte til breibandutbygging

I melding til Stortinget (Meld. St.) 23 (2012-2013) *Digital agenda for Norge*, står det at regjeringa sin ambisjon er at alle husstandar skal ha tilgang til eit breibandstilbod av grunnleggjande god kvalitet. Dette er grunnlaget for at det vert løyvd midlar til breibandutbygging.

2.1 Aktørar og roller

Det er fleire aktørar involvert i prosjekt knyt til breibandutbygging. Under er det gjort greie for ulike aktørar og deira rolle i breibandutbygginga. Det meste av breibandutbygginga i Norge vert gjort av breibandleverandørane utan støtte frå det offentlege. Det har dei siste år blitt bygd breiband til omlag 90 000 husstandar kvart år.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) forvaltar den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging. Støtteordninga er fastsett av Samferdselsdepartementet og notifisert til EFTAs Overvåkingsrgan (ESA) ut 2017 i henhold til EU sine retningslinjer for statleg støtte til breibandutbygging. I 2014 fekk 10 800 husstandar offentlig støtte frå Nkom, 2454 av desse i Sogn og Fjordane.

Nkom oppdaterer årleg søknadskriterium og tek den endelege avgjersla om kva prosjekt som får støtte til breibandutbygging. Statlege midlar til breibandutbygging kan variere frå år til år, då desse vert løyvd over statsbudsjettet.

Innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar si rolle er å ta initiativ, delta i diskusjonen og organiseringa av utbyggingsprosjekt i ulike delar av kommunen.

Eid kommune må bistå i utarbeiding av søknad, prioritere mellom utbyggingsprosjekt i kommunen, eventuelt løyve delfinansiering og sende søknadane vidare for kvalitetssikring og prioritering hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kommunen kan velje ei aktiv eller passiv rolle.

Ei *passiv rolle* inneheld oppgåver som kommunen må gjere i samband med søknad om utbyggingsprosjekt. Ei passiv rolle inneber å bistå private aktørar ved utarbeiding av søknad, utføre ei politisk prioritering av kva prosjekt som skal sendast vidare til fylkeskommunen, kunngjere planlagt utbygging med høyringsfrist på ein månad før søknad vert levert til fylkeskommunen og vere prosjekteigar ovanfor fylkeskommunen; ansvar for innhenting av anbod, administrering av tildelte midlar og rapportering til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

³ Kommuneplanen sin samfunnsdel s. 12 – Kjenneteikn ved Eidasamfunnet i 2025.

Ei *aktiv rolle* inneber at kommunen gjer oppgåver utover det som kommunen må gjere for å følgje opp ein søknad frå private aktørar. Ei aktiv rolle inneber til dømes å ta initiativ til utbygging sjølv eller oppmode private aktørar om å ta initiativ, halde informasjonsmøte i samband med nasjonal utlysing av midlar og sette av midlar til utbygging; både planlegging og gjennomføring.

Når Eid kommune har teke stilling til kva område det skal søkast for, må den planlagde utbygginga kunngjerast med høyringsfrist på ein månad før søknaden vert levert. For omsøkte prosjekt vil Eid kommune få rolla som prosjekteigar og får difor ansvar for innhenting av anbod, administrering av tildelte midlar og rapportering til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har oppretta eiga støtteordning gjennom strategi for breiband i Sogn og Fjordane. Her gjev dei støtte til prioriterte breibandutbyggingsprosjekt. Fylkeskommunen har tatt ein aktiv rolle i breibandutbygginga gjennom å vere rådgjevar for kommunane. Fylkeskommunen arrangerer kurs, utarbeider mal for konkurransegrunnlag og kontrakt, rettleiar kommunane om anbodsprosessar, prosjektgjennomføring, skapar møteplassar og kunnskapsdeling. IT-forum breiband støttar opp om fylkeskommunen sitt arbeid, og har eigne regionkontaktar som kommunane kan rådføre seg med.

Dagens praksis ved søknad om nasjonal støtte til breibandutbygging er at kommunane sender inn sine prioriterte søknadar til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkeskommunen gjer så ei kvalitetssikring og prioritering og gjev eventuelt tilleggsløyving frå eiga støtteordning før dei sender søknaden vidare til Nkom. Fylkeskommunen vert prosjekteigar og ansvarleg ovanfor Nkom.

Utbygger som vinn anbudet får eit tilskot for å bygge ut breiband i det utlyste området. Utbygger får eigedomsrett til nettet og ansvar for drift og tenesteleveransar i 15-20 år framover.

Kostnadsfordelinga for dei prosjekta som fekk støtte var i 2015 slik:

- 33 % - Nkom – statleg støtte
- 33 % - Lokal finansiering – Kommunen, fylkeskommunen og husstandane (etablering og dugnad)
- 33 % - Utbygger – eigedel til leverandør som får anbudet

2.2 Kriterium i nasjonal og regional støtteordning

Både nasjonalt og regionalt nivå har lagt opp til revisjon av sin breibandpolitikk i løpet av våren 2016.⁴ Under er det gjort greie for vedtekne kriterium som vert lagt til grunn i dag. Desse kan endre seg når breibandpolitikken skal reviderast.

2.2.1 Nasjonal støtteordning

I den nasjonale støtteordninga er det hushald og spesielt område under med kapasitet under 4 Mbit/s som vert prioritert. Definisjonen av breiband med grunnleggande god kvalitet vil endre seg i framtida, men inntil vidare er 4 Mbit/s nedstraums, definisjonen som Nkom legg til grunn for grunnleggande god breibandkvalitet.

Under er det gjort greie for kriterium som vert vektlagt i dagens nasjonale søknadsordning for breibandutbygging.

⁴ <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/elektronisk-kommunikasjon/ekomplan/id2437313/>

Vektlegging av kriterier

Nr	Evalueringskriterium	Vurderingselementer	Vekting
1	Antall husstander som får et tilbud om bredbånd med grunnleggende god kvalitet ²	Antall nye aksesser og relativ økning av dekning	30%
2	Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt	Best mulig utnyttelse av tilgjengelige midler Investeringskostnad per aksess Tilgang til eksisterende infrastruktur som grøfter, stolper, punkt etc.	25%
3	Lokal medfinansiering	Lokal medfinansiering, sett ift. antall aktuelle brukere/kunder Grad av egeninnsats	20%
4	Plan for bærekraftig drift etter at utbyggingen er gjennomført	Sannsynlighet for at bredbåndstilbudet kan opprettholdes og videreutvikles	15%
5	Bedring av eksisterende bredbåndstilbud	Antall aksesser som får økt kapasitet og hvor stor kapasitetsøkningen er	5%
6	Betydning for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggere, næringsliv og besøkende	Samfunnsgevinsten som utløses av bredbåndsutbyggingen Konkrete eksempler på betydning for lokalt næringsliv etc. Bedring i mobildekningen	5%

Kjelde: Nkom ⁵ Henta 21.03.2016.

Dette er kriterium som skal dokumenterast ved søknad om breibandutbygging og vil bli lagt til grunn når Nkom skal ta stilling til kva søknadar som skal få tilskot.

2.2.2 Regional støtteordning

Ved regional prioritering av søknadar vert nytte for næringsliv, fritidsbustadar og/eller skular vektlagt. I budsjettet for 2015 har Sogn og Fjordane fylkeskommune sett av 1 million kroner til kommunikasjonsteknologi; 0,5 mill. kr til IT-forum og 0,5 mill. kr til å følge opp breibandstrategien, og til å løyse ut nasjonale tilskot.⁶


2.3 Prosessen knytt til breibandutbygging

Det tek om lag 1,5 år frå kommunen startar arbeidet med å førebu søknad til utbygging er ferdig. Private initiativtakarar sitt arbeid i førekant kjem i tillegg. Under er ei grov skisse av utbyggingsprosjekt for breiband sett opp i mot den nasjonale støtteordninga.

⁵ <http://www.nkom.no/sp%C3%B8rsm%C3%A5l-og-svar/st%C3%B8nad-til-breibandutbygging?showInMenu=true>

⁶ <http://www.sfi.no/fylkestinget-sitt-vedtekne-budsjett-for-2015-og-oekonomiplan-2016-17-18.5672621-352130.html>

Prosjektgjennomføring



Kjelde: IT-forum⁷

Planleggingsfasen

I planleggingsfasen tek privat initiativtakar første steg på vegen mot breibandutbygging. På Eid kommune sine heimesider vil det bli lagt ut informasjon som gjer privat initiativtakar i stand til å ta ideen over til konkret handling ved å gå i dialog med kommunen om konkret utforming av søknad.

Kommunen følg opp private initiativ ved å gje oppdatert rettleiing om årets søknadsrunde og bistår private initiativtakarar i arbeidet med å hente inn informasjonen som dei sjølv ikkje kan hente inn.

Når søknadane er fullstendige vert dei lagt fram til politisk handsaming for prioritering i vår halvåret. Her vert retningslinjer for prioritering lagt til grunn for rådmannen si tilråding. Ei eventuell kommunal delfinansiering må avklarast samtidig. Når politikarane har teke stilling til kva søknad som skal sendast inn må dette kunngjerast før søknaden vert sendt over til fylkeskommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune utfører så ei kvalitetssikring og prioritering og tar stilling til eventuell delfinansiering før dei sender søknad vidare til Nkom.

Med utgangspunkt i vekting av evalueringskriterium tek Nkom stilling til kven som får nasjonalt tilskot for utbygging av breiband i haust halvåret.

Utbyggingsfasen

Når Nkom har tildelt midlar har kommunen ansvar for anbudsprosessen. Utbyggerane kjem med tilbod. Utbyggeren som vinner anbudet får ansvar for utbygging.

⁷ <http://www.it-forum.no/Arbeidsgrupper/Info?i=b36b5f73-70f8-4f75-8cbd-864a534eb88c>

3 Mål for breibandutbygging i Eid kommune

Under er det gjort greie for Eid kommune sine mål for breibandutbygging, med tilhøyrande strategiar og tiltak. Prioritering av tiltak vert gjort i handlingsdelen, jf. kapittel 4.

Eid kommune har følgjande mål for å legge til rette for betre digital infrastruktur og bidra til breibandutbygging:

- Eid kommune skal bidra til gjennomføring av utbyggingsprosjekt
- Eid kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging

3.1 Eid kommune skal bidra til gjennomføring av utbyggingsprosjekt

Mål	Strategi	Tiltak
Eid kommune skal bidra til minst eitt utbyggingsprosjekt i året.	Opprette Breibandsforum Eid – der bygdelaga er representert.	Etablere breibandsforum og stille med sekretariat.
	Sikre at alle aktuelle private initiativtakarar/aktørar får informasjon om søknadsrunden.	Etablere rutine for registrering av private initiativ for breibandutbygging i ei sak i arkivsystemet, for å ha oversikt over aktuelle private initiativtakarar/aktørar.
	Bidra til at private initiativtakarar/aktørar får grunnlag til å utarbeide søknadar av god kvalitet.	Etablere eit fast kontaktpunkt og breibandsteam for rettleiing i søknadsprosessen. Legge ut informasjon om søknadsprosessen på heimesidene – med årshjul for prosess og korleis private initiativtakarar/aktørar kan gå fram for å søke.
	Sikre at Eid kommune prioriterer prosjekt på ein nøytral måte, med vekt på samfunnsnytte.	Utarbeide retningslinjer for prioritering av søknadar om breibandutbygging og eventuell kommunal løyving av midlar. Retningslinjene skal legge vekt på at søknaden svarer til kriterium i den nasjonale støtteordninga, at prosjektet er initiert av private aktørar, at utbygginga vil vere positiv for samfunnstryggleik og beredskap og at det kommunale tilskotet ikkje bør overstige 15 % av totalkostnad. Løyve årlege midlar i økonomiplanen.

3.2 Eid kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging

Mål	Strategi	Tiltak
Eid kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging.	Bidra til betre infrastruktur med trekkerør gjennom kommunen si eiga verksemd.	Etablere rutine: Ved graving i tilknytning til kommunal infrastruktur skal det leggest trekkerør for fiber, så sant ikkje andre løysingar er meir formålstenlege.

		Ved utbygging i tilknytning til kommunal infrastruktur skal føringane i Eid kommune sine til ei kvar tid gjeldande kommunaltekniske normer leggest til grunn. I dag er tekniske krav til trekkerør innarbeid i VA-norma ⁸ . Ved revisjon av kommunal tekniske normer skal forholda rundt trekkerør utdjupast ytterlegare, t.d. plassering av trekkekummar på strategiske plassar og bruk av ulike trekkerør i samband med distribusjonsnett og aksessnett.
	Bidra til at private aktørar vurderer trekkerør og at kommunen også får høve til å gjere det dersom andre aktørar skal grave.	Etablere rutine for gravemelding der vurdering av trekkerør er tema.
	Sikre kunnskap om lokalisering av trekkerør og privat aksessnett.	Etablere rutine med krav om innmåling av trekkerør både ved kommunen si eiga graving og ved graving av private aktørar.
		Etablere rutine for utarbeiding av reguleringsplan med krav om føresegn som sikrar informasjon om aksessnett frå distribusjonsnett til den enkelte bygning i samband med nye detaljreguleringsplanar.
	Sikre at kommersielle aktørar innan breiband får høve til å nytte Eid kommune sin infrastruktur.	Eid kommune skal tilby utbyggerane å leige Eid kommune sin eigen infrastruktur – informasjon til breibandsleverandørar.
		Eid kommune skal tilby utbyggerane «trenching» av trekkerør i tilknytning til Eid kommune sin eigen infrastruktur der dette kan vere hensiktsmessig, t.d. før det vert lagt ny asfalt – informasjon til breibandsleverandørar.

4 Handlingsdel

Kommunen sin innsats på ulike område må tilpassast tilgang på kapasitet og ressursar. I handlingsdelen til kommunedelplan for breiband 2016-2028 er det difor gjort ei prioritering av tiltak. Alt etter prioritet vert tiltaka plassert under følgjande kategoriar: tiltak 2016, tiltak 2017-2019 og tiltak etter 2019 (ikkje prioritert).

Eid kommune skal ha ei aktiv rolle i samband med breibandsutbygging i kommunen.

⁸ <https://eid.kommune.no/va-norm-eid-kommune.19016.aspx>

Tiltak 2016	Tiltak 2017-2019	Tiltak etter 2019 (ikkje prioritert)	Kommentar	Ansvarleg/ samarbeids part
Etablere breibandsforum og stille med sekretariat.				
	Etablere rutine for registrering av private initiativ for breibandutbygging i ei sak i arkivsystemet, for å ha oversikt over aktuelle private initiativtakarar/aktørar.			
Etablere eit fast kontaktpunkt og breibandteam for rettleiing i søknadsprosessen.				
Legge ut informasjon om søknadsprosessen på heimesidene – med årshjul for prosess og korleis private initiativtakarar/aktørar kan gå fram for å søke.				
	Utarbeide retningslinjer for prioritering av søknadar om breibandutbygging og eventuell kommunal løyving av midlar. Retningslinjene skal legge vekt på at søknaden svarer til kriterium i den nasjonale støtteordninga, at prosjektet er initiert av private aktørar, at utbygginga vil vere positiv for samfunnstryggleik og beredskap og at det kommunale tilskotet ikkje bør overstige 15 % av totalkostnad.			
	Løyve årlege midlar i økonomiplanen.			
	Etablere rutine: Ved graving i tilknytting til kommunal infrastruktur skal det leggest trekkerør for fiber, så sant ikkje andre løysingar er meir formålstenlege.			
	Ved utbygging i tilknytting til kommunal infrastruktur skal føringane i Eid kommune sine til ei kvar tid gjeldande			

	<p>kommunaltekniske normer leggest til grunn. I dag er tekniske krav til trekkerør innarbeid i VA-norma⁹.</p> <p>Ved revisjon av kommunal tekniske normer skal forholda rundt trekkerør utdjupast ytterlegare, t.d. plassering av trekkekummar på strategiske plassar og bruk av ulike trekkerør i samband med distribusjonsnett og aksessnett.</p>			
	Etablere rutine for gravemelding der vurdering av trekkerør er tema.			
	Etablere rutine med krav om innmåling av trekkerør både ved kommunen si eiga graving og ved graving av private aktørar.			
Etablere rutine for utarbeiding av reguleringsplan med krav om føresegn som sikrar informasjon om aksessnett frå distribusjonsnett til den enkelte bygning i samband med nye detaljreguleringsplanar.				
	Eid kommune skal tilby utbyggerane å leige Eid kommune sin eigen infrastruktur – informasjon til breibandsleverandørar.			
Eid kommune skal tilby utbyggerane «trenching» av trekkerør i tilknytning til Eid kommune sin eigen infrastruktur der dette kan vere hensiktsmessig, t.d. før det vert lagt ny asfalt – informasjon til breibandsleverandørar.				

⁹ <https://eid.kommune.no/va-norm-eid-kommune.19016.aspx>